

Osa grendalag

5730 Ulvik

Ulvik, 13.10.2014

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Høyringsuttalelse overføring av Våtekleivbekkane til Langvatnet

Viser til søknaden frå Statkraft Energi As til overføring av vatn frå Våtekleivbekkane til Langvatn.

Osa grendalag er negativ til dette tiltaket.

For det første vil ein ny reduksjon i vassføringa i Nordøla svekke tilhøve for laks og sjøaure. Dersom vatn frå Våtekleivbekkane blir ført til Langvatnet betyr det i praksis at den totale vassmengda i Nordøla vert halvert i høve til vassmengda som var før kraftutbygginga tok til. Ser me dette i samanheng med ein endå større reduksjon i vassføringa i Austdøla (med nylig utbygging i grasbotn og framtidig utbygging i Austdalen), vil det være så lite vatn i elveosen at det er stor fare for at sjøaure og laks ikkje kan trekke opp i gytetida.

For det andre fører den DNT-merka løypa frå Osa gjennom Nordalen og vidare til Hallingskeid langs Nordøla heilt opp forbi Ossete. Ein reduksjon i vassføringa vil også redusere opplevelsen av dei ulike stryk og fossefall innover i dalen.

I Konsesjonssøknad foreslåas det dammar/terskler i området som avbøtande tiltak. Grendalaget er positiv til at det blir satt i verk tiltak for å begrense naturingrepets omfang . Me meiner likevel at Nordøla har eit såpass urørt preg, at terskler vil kunne øydelegge for landskapet. Me vonar difor at plasseringa og utforming blir gjort i samråd med Osa grendalag og Ulvik sportsfiskarlag, dersom terskler blir aktuelt.

Det går ikkje fram av konsekvensutredningen om vasstanden i Ossetetjørni blir påverka av tiltaket.

I rapporten om biologisk mangfold står skreven på sida 25: floraen er generelt artsrik og potensiale for rødlisterarter er ganske stor» vidare står det på s.26: «Det er også viktig for naturverdiene å opprettholde mest mulig av naturlig vannføring».

I rapporten står det ikkje nemnt om redusert tilsig av gruntvatn vil påverka Almeskogen som vekser i Nordalen.

Me voner at hensynet til natur og miljø vert ivaretatt, og at vatn frå Våtekleivbekkane kan fortsette å renne mot Osa.

Med venleg helsing,

Harry Dijkstra

Nestleiar Osa grendalag